

PP-tenesta og spesialundervisning

Dersom barnet ditt ikkje har tilstrekkeleg utbytte av den ordinære opplæringa, kan han eller ho ha rett til å få spesialundervisning.

Spesialundervisning kan til dømes vere at eleven jobbar etter andre læringsmål enn andre elevar, at ein lærar eller assistent følgjer opp eleven i klassen, eller at eleven får særskilt tilpassa utstyr. Spesialundervisninga skal vere tilpassa behovet til ditt barn og kan bli gitt i fellesskapet, i grupper eller som eit individuelt tilbod.

Dersom du eller skulen er bekymra for om barnet ditt ikkje har godt nok utbytte av opplæringa, skal skulen prøve å tilpasse betre for barnet. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg, må skulen og PP-tenesta vurdere og gi råd om kva barnet treng.

PP-tenesta er ei offentleg teneste som utarbeider ei sakkunnig vurdering, som er eit dokument som viser om eleven treng spesialundervisning. Skulen må gjere eit enkeltvedtak som seier om eleven har rett på spesialundervisning eller ikkje, og kva spesialundervisninga skal vere. Du kan alltid klage på enkeltvedtaket.

Kva er PP-tenesta?

PP-tenesta gir råd til barnehagar og skular om tilrettelegging for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Dei kan samarbeide tverrfagleg på lokalt nivå, til dømes med helsetenesta eller barneverntenesta, og på statleg nivå med til dømes Statped. PP-tenesta har teieplikt.

Kva kan du forvente av skulen?

Skulen skal

- sørge for at elevens beste blir vareteke
- involvere og spørje deg før dei tek avgjerder som gjeld barnet ditt
- ha samtalar med eleven og foreldra, og gjere nødvendige kartleggingar av eleven
- be PP-tenesta om å gjere ei sakkunnig vurdering dersom du ber om det, og dersom skulen meiner at eleven treng spesialundervisning
- gjere eit enkeltvedtak som seier om eleven skal få spesialundervisning eller ikkje, og kva spesialundervisninga skal vere
- lage ein individuell opplæringsplan (IOP)
- gi eleven spesialundervisning slik det står i enkeltvedtaket og IOP-en, helst innanfor fellesskapet
- lage ein skriftleg rapport om spesialundervisninga og utviklinga til eleven ein gong i året
- sørge for at du og barnet ditt får rettleiing om kva vurdering med og utan karakterar på ungdomsskulen inneber, før de bestemmer dykk

Kva kan du gjere?

Du som er forelder

- kan krevje at skulen undersøkjer om barnet ditt treng spesialundervisning
- kan drøfte bekymringa di med PP-tenesta og skulen før tilvising
- skal bli involvert og seie ja før skulen ber PP-tenesta om å gjere ei utgreiing og vurdering av barnet ditt
- skal bli involvert og seie ja før skulen bestemmer at barnet ditt skal få spesialundervisning
- skal få ein skriftleg rapport ein gong i året om spesialundervisninga barnet ditt får, og ei vurdering av korleis barnet utviklar seg
- kan klage dersom barnet ditt ikkje får spesialundervisning
- kan klage på innhaldet i, gjennomføringa av eller organiseringa av spesialundervisninga
- kan bestemme om barnet ditt på ungdomsskulen skal få fritak frå vurdering med karakter i dei faga der han eller ho får spesialundervisning